

Vedlegg til innkalling og sakliste for styringsgruppemøte 20.11.20

VEDLEGG 1: INNSPILL FRA VISEREKTOR FOR UTDANNING, ODDRUN SAMDAL

Forslag om å etablere programleder for hvert integrert lektorprogram

Viktige utfordringer som må løses:

- Sammenhengende praksis uten krav om tilstedeværelse på campus (ikke bare i kollisjonsfri timeplan)
- Styrke profesjonsidentitet – tydeligere koble praksis til didaktikk og pedagogikk
- Akseptabel arbeidsmengde – 300 stp skal inkludere 100 dager praksis, som tilsvarer 30 stp arbeidsinnsats
- Styrke helhet og sammenheng i lektorutdanningen (særlig opp mot profesjonsfaget og praksis)

En programleder for hvert lektorprogram, fortrinnsvis en didaktiker på det enkelte program, kan bidra til å løse disse utfordringene.

Mandat for programleder

- Ha tilsyn med at studentenes studieløp er uten kollisjoner
- Ha tilsyn med at studentenes arbeidsbelastning er rimelig både under praksis og samlet for studiet
- Ha ansvar for oppfølgingsseminar med studenter etter hver praksisperiode for å koble erfaringer og læring til profesjonsidentitet, didaktikk og pedagogikk
- Utarbeide en kort årlig egenvurdering av profesjonsdelen av programmet, blant annet basert på studentevalueringer av profesjonsfag og praksis.
- Lage plan for emneevaluering av profesjonsfag og praksis, og ansvar for at anbefalinger og emneevalueringene blir fulgt opp i samråd med instituttet og samarbeidende institutt/enheter
- Gjennomføre programevaluering minst hvert 5. år
- Sikre studentinvolvering i prosesser og beslutninger med følger for studieprogram og læringsmiljø.

Kommentert [OS1]: Eller er dette ivare tatt av PSY?

Høyring – Mandat til Lektorsenter ved UiB: Høyringssvar frå FIL

Fagutvalget for Integrert Lektorutdanning (FIL) har gått igjennom og diskutert høyringsdokumentet, og har følgjande tilbakemeldingar:

Kva betyr Lektorsenteret for studentane? Dette føler vi ikkje kjem tydeleg fram i høyringsdokumentet. Det står at Lektorsenteret skal «være en støttespiller for lektorstudentenes fagutvalg FIL», men kva er det som ligg i dette? I tidlegare arbeid med Lektorsenteret, så var det snakk om at Lektorsenteret kunne huse kontoret til FIL. På den måten kan studentar reise til Lektorsenteret for å få svar på faglege og administrative spørsmål frå dei tilsette, eller oppsøke FIL fysisk for å få svar derifrå. I arbeidet i prosjektgruppa la vi også fram ønske om at lektorsenteret skulle huse eit større møterom/seminarrom der studentane kan samlast, t.d. for vaffellunsj og andre sosiale arrangement, samt meir faglege arrangement eller møter. Dersom Lektorsenteret skal vere eit samlepunkt for lektorutdanninga ved UiB, så må også studentane inkludrast i større grad. Vi etterlyser også eit tidsperspektiv for når studentane får vite meir om planane rundt senteret, fordi det må vere godt opplyst om kva senteret skal vere i god tid før det skal etablerast, slik at studentane kan ta i bruk tenestene der så raskt som mogleg ved etablering.

- Viser også til ønskelista FIL hadde til Lektorsenteret i arbeidet til prosjektgruppa førre semester:
- **Kontor til FIL:** Fordelen med å knytte kontor til lektorsenteret er at vi blir meir tilgjengelege for lektorstudentane. Då kan vi innføre tiltak som t.d. kontortid der studentar kan kome og snakke med oss, og vi får ein fast stad å ha møter på, slik at studentane veit kvar dei finn oss. HSU og RU har dette allereie, så vi ønskjer å kunne tilby lektorstudentane dette også, slik at terskelen for å ta opp saker vert endå lågare
- **Utveksling med praksis:** Lektorsenteret må arbeide for å leggje til rette for at studentar kan ta praksis i utlandet, jamfør saker som har vore diskutert med avtale med Uganda, norske skular i utlandet, praksis i Sør-Afrika, m.m.
- **Mentorordning:** Lektorsenteret skal vere ein møtestad for mentorar tilknytt lektorutdanningar på dei forskjellige fakulteta slik at mentorane får bygd eit solid nettverk og kan dele erfaringar i rolla, og dermed bli flinkare mentorar

- **Database for forskning og master:** Samle all forskning knytt til lektorutdanninga og masteroppgåver skrive ved lektorutdanninga til inspirasjon for framtidige masterstudentar og stipendiatar. Vil også vere nyttig å få samla lektorrelevant forskingsarbeid for at det skal vere meir tilgjengeleg for studentane
- **Opne for meir tverrfaglegheit:** Gjere det enklare for studentar ved eit fakultet å ta emner ved eit anna fakultet, slik at ein t.d. på sikt kan tilby lektor i matematikk med sosiologi, lektor i nordisk med fysikk, lektor i spansk med samfunnsfag osv.

Organisering av lektorutdanninga: Vi saknar tydelegheit i kva mandat dei forskjellige utvala skal ha. I høyringsdokumentet er er mandat til styringsgruppa presisert, men dersom der er oppgåver som har ligge til t.d. LUMN og LUHF som no går over til Lektorsenteret, så er det viktig å presisere mandat og arbeidsoppgåver til dei forskjellige lektorutdanningsutvala, praksisutvalet, programstyra og Programrådet. Organisasjonskartet er også forvirrande, for slik det er illustrert no så har ingen av LU tilknytning til Programrådet slik det er i dag, det er berre PU som har direkte tilknytning til Programrådet som igjen er knytt til Lektorsenteret. Når Lektorsenteret vert etablert så MÅ maktbalansen mellom dei forskjellige organa vere definert på førehand, og mandat og arbeidsoppgåver vere tydeleggjort for alle, slik at ein ikkje hamnar i situasjonar i utvala der ein diskuterer ei sak i lang tid og så er konklusjonen «men dette veit vi vel eigentleg ikkje heilt om vi kan bestemme noko over» (ein konklusjon som førekjem overraskande ofte!). Slik vi oppfattar «the chain of command», så går det frå LU til Programrådet til Styringsgruppa, skal det vere slik i framtida også? Passar ikkje Programrådet betre inn under Lektorsenteret, med tilknytning til alle LU?

Vi i FIL er nøgd med at vi får myndigheit til å fylle studentrepresentantplassane i alle utvala, inkludert Styringsgruppa! Det vil styrkje oss som bindeledd mellom universitetet og studentmassa.

Lektorsenteret: Som nemnt under Organisering av lektorutdanninga, så lurar vi på korleis mandatet til dei andre utvala vert påverka dersom lektorsenteret vert etablert. Det er viktig å få presisert. Når det gjeld punkt 2 og 3 så er vi usikre på kva som er meint her. Det at det kjem rammer frå Lektorsenteret på oppsett og timeplan er lurt (t.d. at KOPRA101/102/103 og LAPRA101/102 skal sjå likt ut på alle fakulteta), men det bør ligge så nær institutta som mogleg å bestemme den endelege emnerekkefølga og planen for studiet, sidan det er der ein kan gjere tilpassingar. Når det gjeld punktet «har ansvar for rekruttering i samarbeid med fakultetene», så lurar vi på kva det er snakk om. Er det rekruttering av nye studentar? Eksisterande studentar til verv/jobb? Rekruttering av tilsette? Partnerskular? Rettleiarar? Bør presiserast.

Elles verkar dei andre punkta i lista rimelege og gode.

Fagdirektør: Kva er meint med punktet «representerer fakultetsovergripende fellesanliggender for lektorutdanningen overfor ansatte og studenter ved UiB»? Ikkje like tydleg som dei andre punkta under Fagdirektør

Dersom der er spørsmål eller tilbakemeldingar, så kan det sendast studentrepresentanten i utvalet det gjeld (LUMN, LUHF, PU) eller til leiar i FIL Eirik Førde.

Med helsing

Fagutvalget for Integrert Lektorutdanning

v/Eirik Førde, leiar